



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 55 57 23 52

Vår dato
24.08.2016
Dykkar dato
02.08.2016

Vår referanse
2016/10309 421.0
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Uttale - Radøy - Kommunal planstrategi - 2016 - 2020

Vi viser til brev av 02.08.2016 med førespurnad om innspel til arbeid med kommunal planstrategi for Radøy kommune. Vi har ikkje fått eit konkret forslag til planstrategi, så innspela er av generell karakter.

I plan- og bygningslova (pbl.) § 10-1 finn ein føresegner om kommunal planstrategi. Der går det fram at kommunen minst ein gong i kvar valperiode skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Planstrategien er viktig for kommuneplanlegginga som første ledd i den langsiktige kommunale samfunnsplanlegginga. Hovudformålet med planstrategien er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å leggja til rette for ønska utvikling i kommunen. Kommunen skal såleis ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast uendra. Vidare skal kommunen vurdere om det er andre planar som skal endrast eller opphevast, eller om det skal setjast i gong med utarbeiding av nye planar.

Av pbl. § 10-1 første ledd går det fram at vurderinga av planbehovet bør skje i lys av dei utfordringane kommunen har som samfunn og organisasjon. Planstrategien er også ein arena for å avklara behov og planoppgåver som best kan løysast gjennom interkommunalt plansamarbeid.

Samfunnstryggleik

Samfunnstryggleik er eitt av tema som må drøftast i ein planstrategi. Sivilbeskyttelseslova § 14 pålegg kommunen å utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse for uønskte hendingar som kan skje i kommunen. Med utgangspunkt i denne skal ein også utarbeide ein beredskapsplan etter lova § 15. Kommunen si plikt til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid er vidare detaljert i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Som ein del av denne plikta skal ein vurdere om det er forhold knytt til samfunnstryggleik eller beredskap som må integrerast i dei kommunale prosessane eller planane etter pbl., jf. forskrifta § 3b. Som eit minimum må den lovpålagde ROS-analysen etter sivilbeskyttelseslova § 14, og beredskapsplanen etter § 15 omtalast i planstrategien.

Klima

Energi- og klimaplanen til Radøy kommune vart vedteken i 2010. Revisjon av planar som

omhandlar klima- og energispørsmål skal vurderast regelmessig, og minst kvart fjerde år gjennom revisjon av kommunal planstrategi, jf. statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane. Lågare utslepp av klimagassar i byar og tettstadar skal oppnåast ved m.a. tett utbyggingsmønster, samlokalisering av funksjonar (arbeid, bustad, handel osv.), samanhengande nettverk for miljøvennleg transport og god tilgjenge, jf. nasjonale forventningar til regional- og kommunal planlegging.

Friluftsliv

Friluftsliv er viktig for trivsel og god helse. I mars 2016 vart Meld. St. 18 om friluftsliv godkjent i statsråd. Hovudmålet er at befolkninga skal drive med friluftsliv jamleg. For arbeidet med planstrategien vil Fylkesmannen understreke regjeringa si oppmoding til kommunane om å utarbeide grønstrukturplanar i sentrumsområde. Moglegheit for fysisk aktivitet i kvardagen er viktig for alle, og nærområda er særleg viktige for barn og eldre. Å ta vare på desse interessene kan vere utfordrande fordi dei lett kjem i motstrid til andre ønskje for dei aktuelle areala.

Folkehelse

Fylkesmannen vil vidare gjere merksam på at folkehelselova § 5 stiller krav om at kommunen skal ha skriftleg oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne. Denne oversikta skal etter § 6 i folkehelselova inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi. Der heiter det vidare at ei drøfting av folkehelseutfordringane i kommunen bør inngå i strategien.

Rettleiar T-1494 gjeld utarbeiding av kommunal planstrategi og vi rår til at denne vert tatt i bruk i den vidare prosessen. Vi ønskjer lukke til med arbeidet!

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger